



## Statens vegvesen

Ard Arealplan  
Nygårdagaten 114  
5008 BERGEN

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Odd Høydalsvik / 55516377

Vår referanse:  
16/8423-2

Dykkar referanse:  
Ard15017

Vår dato:  
19.01.2016

### Varsel om oppstart av reguleringsplan – Eikhovden – gnr. 233 bnr. 6 m. fl. Ostereidet – Lindås kommune

Vi viser til Dykkar brev av 12.01.16 med varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid for Eikhovden, gnr. 233, bnr. 6 m. fl. – Ostereidet i Lindås kommune.

Planområdet er på ca. 38,1 daa og ligg på Eikhovden i Lindås kommune, like aust for Ostereidet ungdomsskule og Ostereidet barneskule. Området grensar til bustader samt skuleområde og idrettsplass i vest. I nord og nordaust ligg skogareal og LNF-område og aust for planområdet finn ein eksisterande bustader på Dyrhovden. Området er i kommuneplanen for Lindås avsett til bustadføremaal.

Gjennom planområdet går den kommunale vegen Eidavegen (KV1098) fram til rundkøyring ved skuleområdet og vidare fram til kryss med fylkesveg 393 nær Ostereidet senter. Det er positivt at det vert lagt opp til fortau langs Eidavegen fram til skuleområdet for å få sikker skuleveg. I tillegg til å sikre trygg skuleveg frå Eidehovden og bustadområdet Dyrhaugen er det etter vår vurdering og viktig å sikre eit godt tilbod til mjuke trafikantar frå bustadområda og fram til Ostereidet senter. Vi vil be Lindås kommune vurdere ei utviding av planområdet for å regulere eit slikt tilbod heilt fram til senterområdet. Etter vår vurdering er det varsla planområdet ikkje stort nok til å sikre fortau fram til skuleområdet slik intensjonen er planen.

Vi føreset at trafikklysingar i planen vert regulert i samsvar med krava i handbok N100 Veg- og gateutforming. Når det gjeld avkøyring til nordre del av planområdet vil det etter vår vurdering vere naturleg å vurdere ei felles løysing med det eksisterande bustadområdet i sørvest slik at talet på avkøyringar ikkje aukar langs den kommunale vegen.

Ut over dette har vi ikkje vesentlege merknader til varselet om oppstart av planarbeid.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø

Plan og forvaltning Bergen  
Med helsing

Sindre Lillebø  
seksjonssjef

Høydalsvik Odd

Kopi  
Hordaland fylkeskommune Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 BERGEN

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*